

# Møteprotokoll

**Utval:** Ålfotbreen verneområdes tyre  
**Møtes tad:** Rådhuset, Svelgen  
**Dato:** 12.11.2012  
**Tids punkt:** 10:30

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ola Tarjei Kroken	Medlem	
Bengt Solheim-Olsen	Medlem	
Nina Klara Grotle	Medlem	
Anita Nybø	Medlem	

---

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	SNO-Sandane
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

<b>Utvals - saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv - saksnr</b>
ST 17/12	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 18/12	Godkjenning av protokoll frå førre møte		
ST 19/12	Endring av namnet på styret		
RS 20/12	Orienteringssak - Tiltak i 2012		
ST 21/12	Tiltaksmidlar for 2012		
ST 22/12	Møteplan for 2013		
ST 23/12	Bestillingsdialog for 2013		
ST 24/12	Budsjett for 2013		
ST 25/12	Eventuelt		

## **ST 17/12 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner innkalling og sakliste

### Vedtak:

Styret godkjente innkalling og sakliste utan merknader. Der er ingen innmeldte saker til Ymse.

## **ST 18/12 Godkjenning av protokoll frå førre møte**

### Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner protokoll frå styremøte 3/12 og skriv under protokollen

### Vedtak:

Styret godkjente protokoll frå styremøte 3/12, og skreiv under protokollen.

## ST 19/12 Endring av namnet på styret

Styret for Ålfotbreen landskapsvernområde har fått pålegg frå Direktoratet for naturforvaltning (DN) om å skifte namn på styret. Årsaka til det er at ordet «verneområdestyre» skal vere med i namnet på styret, når det er eit landskapsvernområde det er snakk om.

Sitat frå e-post frå Inger Anne Ryen:

*«Når det gjelder navn på verneområde-/nasjonalparkstyrene skal alle de lokale forvaltningsstyrene bruke enten Verneområdestyre/Nasjonalt parkstyre for XXXX, evt navnet på området og så vo/np-styre etter. Verneformen (landskapsvernområde) trenger ikke være med i tittelen. Vi ønsker en bedre presisering av navnet av hva slags styre det gjelder (ikke bare «styre for».)»*

Det er då først og fremst to naturlege alternativ som peikar seg ut:

- Verneområdestyre for Ålfotbreen
- Ålfotbreen verneområdestyre

### Framlegg til vedtak:

Verneområdeforvaltaren kjem med framlegg om at styret skiftar namn til *Ålfotbreen verneområdestyre*. Då er namnet i same stil som namna til dei andre landskapsvernområda og nasjonalparkane i fylket, og det er det som er det kortaste namnet.

### Vedtak:

Styret fatta vedtak i tråd med framlegget. Det nye namnet på styret er **Ålfotbreen verneområdestyre**.

## **RS 20/12 Orienteringssak - Tiltak i 2012**

Verneområdeforvaltaren informerer om dei tiltaka som er gjennomført til no i 2012, og dei tiltak som er planlagt utført på dei midlane som er tildelt for 2012:

- Kartlegging av framande artar (gran)
- Uttak av gran ved Hyefjorden
- Oppsetting av grenseskilt
- Stien Hope – Lavesteinen
- Grensemerking (Jordskifteretten og Fylkesmannen)

Verneområdeforvaltaren og SNO greia ut om dei tiltaka som er gjort og det som skal gjerast i løpet av 2012.

## **ST 21/12 Tiltaksmidlar for 2012**

Styret fekk tildelt 80.000,- i tiltaksmidlar for 2012. Av desse er det brukt 14.330,- (investering i jernhest) og det står altso att 65.670,- av årets tiltaksmidlar. Midlar som ikkje vert brukt innan nyttår, vil gå tilbake igjen til Direktoratet for naturforvaltning.

Styret bør ta ein diskusjon på om der er aktuelle tiltak som resten av årets tiltaksmidlar kan nyttast til.

### Vedtak:

Verneområdestyret er opptatt av at landskapsvernområdet er for lite kjent. Både blant tilreisande og lokale er det for dårleg kunnskap kring vernet og verneverdiane i området.

Styret vil bruke resten av tiltaksmidlane for 2012 til informasjonsarbeid. Ulike ting som skal jobbast med er innhente gode bilete, film og informasjon, og få dette satt saman slik at det kan presenterast for turistar, skuleklassar, studentar, bygdefolk og andre interesserte.

Styret gjev verneområdeforvaltaren fullmakt til å gjere tenestekjøp og avtalar til dette arbeidet for det som står att av styret sine tiltaksmidlar for 2012.

## ST 22/12 Møteplan for 2013

Verneområdeforvaltaren legg fram eit framlegg til førebels møteplan for 2013. Den vil bygge på erfaringar frå 2012.

### Vedtak:

Styret vedtok ha 4 styremøter i 2013, dersom ikkje saksmengda tilseier at det trengs fleire. Det vert lagt opp til 2 styremøter før sommaren og 2 styremøter etter sommaren.

Verneområdeforvaltaren kjem med framlegg til datoar for dei første møta utpå nyåret når møteplanane i dei ulike kommunane er klare.

## ST 23/12 Bestillingsdialog for 2013

Styret må sette opp ei prioritert liste over dei tiltaka som styret ynskjer midlar og ressursar til frå SNO i 2013. Styret sender deretter lista over til DN og SNO-Sentralt.

Verneområdeforvaltar og naturoppsyn for Ålfotbreen set opp eit forslag til liste og legg den fram for styret på møtet. Styret kjem med sine forslag, innspel og set opp prioritering av dei ulike tiltaka.

### Vedtak:

Prioritert liste over dei tiltaka som Ålfotbreen verneområdestyre set opp på bestillingsdialogen for 2013:

Prioritet nr	Tiltak	Økonomisk ansvar	Beløp
1	Planlegge, merke og skilte sti frå Ålfoten til Gjegnen + andre stiltak i Ålfotenområdet	VO-styret	50.000
2	Prosjektere og bygge parkeringsplass i Åskora	VO-styret	75.000
3	Utbetne kai på Mettenes for å sikre tilkomst til tursti	VO-styret	100.000
4	Registrering og fjerning av framande artar, med fokus på gran. Følgje opp arbeidet frå 2012 og funna som vart gjort der	VO-styret	100.000
5	Fjerne søppel ved X-vatn. (Planlagt i 2012, men ikkje gjennomført grunna ver og snø)	SNO	50.000
6	Flyfotografering (som SNO ikkje fekk fullført i 2012 grunna ver og snøforold)	SNO	15.000
		SUM	390.000

## **ST 24/12 Budsjett for 2013**

Styret må sette opp budsjett for drift av styret og forvaltningsknutepunktet for 2013.  
Verneområdeforvaltar set opp framlegg til budsjett basert på erfaringar frå 2012, møteplan mm.  
Og legg det fram for styret.

### Vedtak:

Styret godkjente budsjettet som verneområdeforvaltar la fram, etter at det var justert til 4 styremøter i løpet av året i staden for 5 styremøter som var i det opphavlege framlegget.

## **ST 25/12 Eventuelt**

Ingen saker